

Pilot - "Motivasjon, Opplæring og Rettleiing" - ei MOR for Ryfylke



Bakgrunn

Gjennom regionalt utviklingsprogram blei Utdanning i Ryfylke (UIR) etablert i 2012. Føremålet var at dei vidaregåande skulane i Sauda og Strand skulle bli regionale kompetansesentra for å styrkja utdanningsnivået til beste for arbeidslivet i Ryfylke.

Utdanningsnivået i Ryfylke er langt lågare enn landsnittet. Vel 20 prosent av innbyggjarane i Ryfylke har utdanning utover vidaregåande skule. For fylket sett under eitt, er talet vel 30 prosent, mot hovudstaden der meir enn 50 prosent har utdanning utover vidaregåande skule (SSB, 2016).

UIR har utfordra arbeidslivet – me kan skreddarsy kurs og utdanningar som dei treng. Målet har vore å leggje opp tilboda slik at studentar kan følgja heile utdanningsløp, delar av det, eller meir avgrensa kurs og sertifiseringar. I 2016 genererte mellom anna UIR 6 000 studiepoeng gjennom sitt system.

Tilbod som er utvikla i lag med Høgskulen på Vestlandet, eksterne kurs og undervisningskrefter, men og i mange tilfelle med skulen sine egne utdanningskrefter. Dette er gjennomført:

- Pedagogiske utdanningar
- Leiingsprogram
- Sertifiseringar
- Forkurs for innvandrarar
- Fag frå studiespesialisering og yrkesfag

Låg utdanning – lita arbeidsløyse?

Me ser at det låge utdanningsnivået i Ryfylke (spesielt i indre deler) i liten grad er påverka av fallet i oljeindustrien. Ein klar skilnad frå det me har sett i dei meir sentrale stroka av fylket vårt. Nedgang i oljeindustrien førte til sterk vekst i talet på ledige då krisa trefte - talet er no stabilisert, men talet på langtidsledige veks.

Mykje tyder på at når tilgangen på arbeid som krev lite eller ingen utdanning er høg, vel mange arbeid framfor utdanning. Den tida er forbi slår leiari i NHO, Kristin Skogen Lund, fast. Det betyr at dei med låg eller ingen utdanning som skal inn i arbeidslivet eller misser arbeidsplassen sin blir ramma ekstra hardt. Det rammar ikkje berre vaksne, men og fleire og fleire yngre menn blir del av det utanforskap som me diverre no og ser i Ryfylke.

Vekst i Rogaland - stabilt i Ryfylke

Regionen vår, som går frå Sauda til Forsand, har hatt eit stabilt folketal dei siste 50 åra, 20 000 i 1965 og rundt 24 500 i dag, noko som utgjer ein vekst på 0,45 % per år. I same periode er det sterk vekst i Rogaland fylke. Folketalet meir enn doblar seg til 550 000 innbyggjarar i dag, altså ein vekst på 2,5% per år i same periode.

I ei kartlegging (2.2017 av UIR) seier 86% at dei trur talet tilsette i ryfylkebedriftene vil vere som no eller vekse fram mot 2025. Kartlegginga fortel og at 80 % av dei spurde meiner kompetansepåfyll vil vera svært viktig skal organisasjonen utvikle seg.

Regionen si verdiskaping er i første rekkje som råvareleverandør innanfor:

- prosess- og bergverksindustri av internasjonalt format
- storprodusent av grøn energi
- ei stor havbruksnæring
- eit aktivt landbruksmiljø
- ei veksande reiselivsnæring med Preikestolen og Nasjonal turistveg gjennom regionen

Same kva du blir utfordra på, er påfyll av kunnskap nødvendig skal arbeidslivet løysa noverande og framtidige oppgåver. Omstilling, utvikling og innovasjon blir viktig og skulane blir utfordra til å bidra.

Å venda seg utover

Dei vidaregåande skulane i distrikta har her eit viktig samfunnsoppdrag. Rolla som regionale kompetansesentra må derfor styrkjast for å innfri dei forventingar arbeidslivet har til skulane.

Utdanningane må vera relevante for arbeidslivet, utfordrar leiar i NHO, Kristin Skogen Lund oss på. Ho er inspirert av *Produktivitetskommissjonen* sine funn om at utdanningssektoren i Noreg brukar flest kroner i OECD til utdanning, men med svakt utkome.

Produktivitetskommissjonen vurderer lågt utdanningsnivå som eit uønska hinder ved overgangen til kunnskapssamfunnet. Det er eit kraftig signal med adresse til skulane og utdanningssystemet. Me må bli meir opptekne av det som skjer *utanfor* skulegarden - og arbeidslivet må inviterast meir *inn* i den.

Regjeringa set fokus på behovet for *Livslang læring*, mellom anna gjennom:

- St. meld. 16 (2015 - 2016) «Fra utenforskap til ny sjanse – Samordnet innsats for voksnes læring»
- NOU 2016:7 «Norge i omstilling – karriereveiledning for individ og samfunn»
- NOU 2016: 3 «*Fra ressursøkonomi til kunnskapsøkonom*»

Statsminister Erna Solberg slår fast at ein må tenkje nytt i etter- og vidareutdanninga framfor å lappa på eksisterande løysingar (Klassekampen 11.11.17). Alle elevar *treng ikkje å lære alt*,

å sjå individuelle behov og ikkje vere redd for å auka innslaget av modulbaserte ordningar der ein tek dei faga ein manglar.

Det er et klart signal til skulen om å utvikla oss. Me må tenkja annleis og sjå utover. Innovasjon er å satsa på det "blåe havet" – å bruka kunnskap og setja den saman på nye måtar. Den erfaring og kunnskap som blir formidla mellom bedrifter, organisasjonar, kundar og kunnskapsinstitusjonar er med å styrke konkurranseevna og "dei nye hava" kan oppstå. Som når leverandørindustrien overfører kunnskap frå oljesektoren til nyskaping i akvanæringa. Presset eller insitamentet kjem til alle organisasjonar. Det kjem horisontalt gjennom konkurranse eller endring i marknad med andre bedrifter på same nivå i verdikjeda, men kanskje vel så sterkt kjem det frå krevjande kundar og leverandørar. Altså den vertikale vegen.

Som regionale kompetansesentra har skulane eit stort ansvar for å vera interessert og bidra til at dei dynamiske næringsklyngene våre utviklar seg. Dei er opptekne av ei kontinuerleg oppgradering, eit viktig grunnlag for ein sjølvforsterkande vekst for heile arbeidslivet i regionen. Utviklinga i arbeidslivet kjem med større og større krav om å automatisere og løyse oppgåver på smartare måtar, og framtida krev at skulen deltek i slike prosessar.

Det er viktig å kunne gje råd, og ikkje minst få innspel og utfordringar frå arbeidslivet og mannen i gata om kva me kan gjera når kunnskapsbehova melder seg. Skulane våre ynskjer å vera ein aktiv part i dette arbeidet og då må me og vise interesse for det som skjer utanfor sjølve skulegarden.

Ei dør inn for rettleiing - ei mor

Å løfte i lag krev godt samspel mellom partane i arbeidslivet og det offentlege. Men det er og ein relativ ny tanke for skulen. Ei tydelig leiing der fokuset er at skulen er noko meir enn for gruppa 16 - 19 år må grunnfestast i organisasjonane våre.

Dei siste åra har Sauda og Strand vidaregåande skular gjennomført kartleggingar og drøfta med arbeidslivet korleis me skal møte utfordringar styresmaktene gir skulane i møte med livslang læring. Ei sak som og er drøfta med NAV, LO, NHO, Innovasjon Noreg og Kompetanse Norge.


Signala er å ta utgangspunkt i krav som kjem nedanfrå, altså at me tek utgangspunkt i lokale føresetnader. Ei slik tilnærming har rotfeste i lokale forhold. Å sjå utfordringane nedanfrå og opp, er *rettvendt* fordi ho ber med seg nødvendig presisjon for å oppnå effekt. Nært, kjent, enkelt og trygt er nøkkelord for utforming til oss når sentrale styresmakter gir oss ei rolle for livslang læring.

Å vri tiltaket Utdanning i Ryfylke (UIR) til å bli ei **MOR** for Livslang læring står sentralt. Skulane vil bli sentra for "**Motivasjon - Opplæring og Rettleiing**" ved å:

- *skreddarsy kurs og utdanningar*
- *retteia folk i jungelen av tilbod*
- *vera møteplass for arbeidslivet*
- *vera møteplass for påfyll av kunnskap*

- koordinera arrangement – t.d. utdanningsmesser

Å styrke dei vidaregåande skulane i distrikta si rolla som regionale kompetansesentra peikar arbeidslivet på. Dette er viktig for utvikling, nyskaping og innovasjon.



Ei *førstelineteneste* for "Motivasjon - Opplæring og Rettleiing» ved skulane i distrikta, der verktøy, hus og kompetanse hos tilsette kan nyttast til å auke kunnskapsproduksjon for direkte nytte og resultat. Lokalt arbeidsliv kjenner eigne rammevilkår betre gjennom eiga involvering og deltaking. Ressursbruk vil vere knytt til avklarte behov med reelt grunnlag for utkome. Frå å vere passive tingarar, kan den som treng det sjølv påverke og styre det dei vil ha og få utdanning og kompetanseheving levert når dei treng det.



Som regionale kompetansesentra er kunnskapen om arbeidslivet viktig for skulane og vice versa. Kartlegginga som Strand vgs har gjort av arbeidslivet i regionen (mars 2017), viser at 34 prosent meiner skulen bør bli betre på å gjera kjent kva den arbeider med. 25 prosent av dei spurde meiner også at personalet ved skulen kjenner for lite til arbeidslivet sin kvardag. Dette er ei utfordringa som skulen må ta alvor.

Fleire møteplasser mellom skule og næringsliv og større fokus på vidare- og etterutdanning av dei som er ute i arbeidslivet vil bygge ned denne avstanden.

Det må og etablerast eit eige råd som kan vera med å bidra til at regionen og prosjektet får impulsar og fagleg tyngde i å utvikle ei «Mor» som tener dei mål me har sett oss. Aktuelle kan vera personar frå partane i arbeidslivet, høgskule og det politiske nivå.

Vaksenopplæring

Fleire talsmenn peiker på at skulen er for innovverndt og søker lite ut i samfunnet den er ein del av. Å stimulera det pedagogiske personalet ved skulane på brei basis til å bli med på å utdanna dei som skal ta ei utdanning vil utfordra denne haldninga. Læraren kjem tettare på eldre elevar med erfaring frå yrkeslivet og det levde liv. Dei får nnsikt og kunnskap som dei kan ta med seg tilbake til dei "vanlege elevane" i den vidaregåande skulen. På same tid som vaksne elevar tar med seg kunnskap om skulen ut i miljøet sitt. Å kunne formidle teoretisk kunnskap slik at den blir relevant gjer at eleven forstår kvifor nett dette skal lærast.

Frå 2018 vil dei vidaregåande skulane i Rogaland få større ansvar for vaksenopplæringa etter at avtalen til RKK (Rogland kurs og kompetansesenter) blei omorganisert. Kartlegginga dei til skulane har gjennomført omkring vaksenopplæring viser at interessa for å skulera seg er stor. Mest 85 prosent av dei spurte peikar på seg sjølv som den motiverande krafta for å ta meir utdanning. Men berre eit fåtal vil reise vekk for å få kunnskapspåfyll.

Me har låg utdanningsgrad i Ryfylke parallelt med at dei som vil utdanna seg ikkje vil reisa vekk for å ta aktuell utdanning. Dette fortel oss kor viktig det er å kunne tilby vaksenopplæring lokalt. Kompetansen har me og bygningane står her. Å utvikla eit vaksenpedagogisk tilbod som har god interaksjon mellom lærar, elev og arbeidsliv kan me få til. Me må og etablere eit tettare samarbeid med det kommunale.

Kartlegginga om vaksenopplæring viser at det er få av dei som er blitt ein del av utanforskapet som svarar. Ingen respondentar fortel at det er NAV som har motivert dei for å utdanna seg. Når me kjenner arbeidsløyssetala og veksten i dei som er ledige lenge fortel det oss at det er ei oppgåve å gjera her.

Eit slikt utanforskap ser me veks blant unge vaksne, spesielt i aldersgruppa 25-29 år. Høgt fråfall frå særleg yrkesfaga, blokkerer for etablering av ein arbeidskarriere og sender mange 20-åringar i hendene til NAV. Statistikken viser ei dobling av talet på uføre, spesielt knytt til psykiske sjukdom, dei siste 10 åra. Ei oppgåve og skulen må vera med å førebygga i tråd med dei signal sentrale styresmakter sender oss i sine strategiar.

Nye landsmenn i møte med skulen

I dag er det oftast kommunane som står for introduksjonsprogrammet for innvandrarak. Samarbeid mellom NAV, introtenesta, læringscenter og dei vidaregåande skulane er ein god veg for å sikre god og rask integrering, og må derfor vera viktig. Å gjere dei sjølvstendige og uavhengige av offentleg hjelp er ei klar målsetting.

Den vidaregåande skulen har praktisk og teoretisk kompetanse til å rettleia nye landsmenn og skreddarsy opplæringstilbod slik dei kan nytte utdanning dei har med seg eller som dei ynskjer å ta her. FAFO har nyleg gjort ei evaluering av introduksjonsordning og norskopplæring som konkluderer med at tilboda i liten grad har innhald som fører til reell kvalifisering for arbeid.

I indre Ryfylke har ein alt sett dette og hausta erfaringar frå eit tett samarbeid omkring integreringa av innvandrarar. Store delar av opplæringa skjer i skulen sine lokale. Det blir gjennomført praktiske studieførebuande forkurs som førebur dei på eit arbeidsliv eller gir grunnlag for vidare utdanning. Dette i tillegg til dei som går rett inn i ordinære studie-/utdanningsløp. For mange er det å sjå nytten av å læra norsk parallelt med ei praktisk/teoretisk tilnærming til kva utdanningsretning/yrkje dei skal velja, viktig og meir motiverande. Nye kurs startar hausten 2017 ved begge skulane. (Forkurs innanfor TIP, Barn og ungdom, Transport og Service og samferdsle).

Me ser ofte at mange yngre innvandrarar burde bruke litt lenger tid på det vidaregåande opplæringsløpet enn tradisjonelle elevar. Dei slit med kulturelle kodar og dermed med å lykkast i nokre fag. Å tenkja meir utradisjonelt, der skule, praksis og sosialisering går hand i hand, vil nok gjera det langt lettare for fleire av dei som me no ser slit.

Korleis me møter nye landsmenn i ein region som Ryfylke, med store avstandar, krev andre løysingar enn i byen. Avstandar og manglande kommunikasjon gjer at me må vera fleksible og sikre at dei lukkast og finn seg til rette i bygdene våre på same tid som dei får utnytte sin bakgrunn og kome i arbeid.

Dei økonomiske og personlege konsekvensane blir store dersom ikkje denne gruppa lukkast og når arbeidslivet.

Samarbeid, styring og erfaring

Fleire i skulane våre har ei viktig oppgåve med å rettleie elevane i kvardagen sin. På tvers av klassar og studieretningar er det ei rekke funksjonar som gir råd og rettleiing til dei som går her, men og ei tid etter dei har slutta. Her trekkjer me fram:

- YoU-rådgjevar
- sosialrådgjevar
- oppfølgingstenesta
- bibliotektenesta
- resepsjon/informasjostenesta
- miljøarbeidar ved internatet
- IKT

I tillegg kjem skulehelsetenesta og PPT som og har eit stort ansvar for meistring og motivasjon med sikte på ein god skulekvardag.

Innanfor desse funksjonane sit det mange med høg kunnskap og erfaring som vil vera svært nyttig når skulen og vil motivera og rettleia for livslang læring, Erfaringar frå andre fylkeskommunar, mellomanna i Nordland, viser at eit tettare samarbeid, og gjennom å lokalisera fleire av desse funksjonane saman, styrkjer skulen si haldning til området *livslang læring* og miljøet skulen vil vera som regionalt kompetansesenter. Dette er forhold Rogaland fylkeskommune peikar på som viktige i sine egne dokument (m.a. felles bibliotek- og ikt-strategi i den vidaregåande skulen og handlingsplan for vaksenopplæring i fylket). Ei haldning skulane må forankra internt knytt til etableringa av *MOR*.

Å samlokalisera slike funksjonar der det er lett tilgang frå "gata" og frå skulen sitt indre liv, viser erfaringar frå andre slike motivasjonssentra fremjar bruken av dei.

Staben må styrkjast med større ansvar for motivasjon, opplæring og rettleiing. Det naturleg vil vera at rådgjevarstaben ved skulen blir styrkja, og at NAV er representert med stillingsressurs ved kvar skule, ei ordning Nav leiinga synes er ei spennande løysing. Å ha tilsette som har same målsetting kan saman skape grunnlag for meistring å dermed hindre utanforskap i skule og arbeidslivet.

I Sauda er alt introduksjonstenesta integrert i den vidaregåande skulen. Noko som leiinga i Strand kommune og ynskjer skal skje i Ytre Ryfylke, ei haldning Strand vgs stør opp under når romkapasitet tilseier dette.

Studieverkstader

Avstandane i Ryfylke blir mindre, men for å tryggja dei ytre motiverte og a-motiverte elevane, er nok modellen med studieverkstader nær der den enkelte bur, fornuftig. Dette er ikkje først og fremst for det faglege, men for fellesskapet, med motivasjon og framdrift i utdanninga.

I tillegg trur me studieverkstadane vil vera gode lyttepostar på kva me bør arbeida med, for å få innspel på kva som fungerer og ikkje. I tillegg kan studieverkstadar i kvar kommune med ein eller fleire personar med kompetanse til å hjelpa i studiearbeidet, vera eit godt supplement.

Undervisningskrefter

Behovet for vidare- og/eller etterutdanning viser seg å vera til stades. Det veit me utifrå den låge utdanningsgraden regionen har og gjennom dei kartleggingar skulane har gjort. Skulane har kompetanse på mange område som me og kan tilby vaksne elevar/studentar.

I dag utfører me fleire kurs og utdanningar med eigne krefter, men og gjennom samarbeid med kursleverandørar og høgskular. Tilbod me vil skreddarsy i tråd med den etterspurnad arbeidslivet viser. Per i dag har me utdanningar som finn stad og nye som er under planlegging, inkludert fylkeskommunen sin eigen nettskule. Skulen vår har samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, gjennom eigne avtalar.

Støtte

Me har alt støtte hjå NHO, LO og KS, viktige partnarar for det me ynskjer å få til. I tillegg har støtte for modellen vår hjå fylkesmannen, kommunane, Innovasjon Norge og Kompetanse Norge vore viktig for arbeidet vårt.

I tillegg er det gjensidig vilje til å etablere avtalar mellom Høgskolen i innlandet si karriererettleiingsutdanning og dei vidaregåande skulane i Ryfylke med sikte på å bygge kunnskap og tilegne seg erfaringar frå prosjektet. Eit arbeid som kan vera til hjelpe for det viktig arbeid regjeringa ser føre seg innanfor feltet *livslang læring*.

Konklusjon

Sauda og Strand vidaregåande skular skal saman stå fram som regionale kompetansesentra for Ryfylke, bli viktige møteplassar for arbeidslivet og medverke til nyskaping og innovasjon. Utdanning i Ryfylke (UIR) skal utviklast til ei førstelineteneste ved "MOR", der livslang læring står i sentrum. Skulane vil bli ei drivkraft for "Motivasjon - Opplæring og Rettleing" ved å:

- skreddarsy kurs og utdanningar
- rettleia folk i jungelen av tilbod
- vera møteplass for arbeidslivet
- vera møteplass for påfyll av kunnskap

Dei vidaregåande skulane skal samlokalisera fleire eksisterande servicefunksjonar og yte tenester til både elevar og arbeidsliv. To årsverk ved kvar av skulane blir knytt til ordninga, kor ein har det formelle leiaransvaret. Nav blir invitert inn til å lokalisera stillingsressurs i sentret.

Det blir etablert eit fagleg råd på fem personar som representerer nasjonal, regional og lokal kompetanse.

Samtlege kommunar i Ryfylke blir oppmoda om å opprette studieverkstader.

Høgskulen i innlandet ved karriereutdanninga er ein aktiv part i utviklinga av MOR gjennom eigen samarbeidsavtale.

Begge skulane skal samarbeida med kommunane om tilbod for nye landsmenn og målet er å samlokalisera introtenesta ved begge skulane.

«MOR» skal vera operativt i løpet av 2018.